

Ungdomstinget 2021 – Stavanger Bispedømme

Resolusjon: Konfirmasjon

Den norske kyrkja har i ei årrekke hatt ei aktiv satsing på ungdom. Eit av dei områda der kyrkja har hatt desidert mest kontakt med unge, er konfirmasjon. I 2019 viser statistikk frå Statistisk Sentralbyrå at framleis konfirmerer heile 54,4% av 15-åringar seg i kyrkja. Dersom kyrkja skal lukkast i å nå unge menneske med evangeliet, og få dei til å kjenne seg heime i kyrkja, er det avgjerande at konfirmantane møter kyrkja på ein god måte i konfirmasjonstida.

Arbeidet med denne saka under UT 2021 tyder derimot på at mange slett ikkje har eit positivt inntrykk av konfirmasjonstida. Deltakarane på UT har i mange tilfelle blitt verande aktive i kyrkja på trass av konfirmasjonstida, heller enn på grunn av denne, sjølv om det finst enkelte unntak. Mange beskriv konfirmasjonstimar som liknar skuleundervisning, og, slik ein av deltakarane uttrykker det, «det er jo dritkeisamt». Somme har erfaring med undervisningar som gjer bruk av meir dialogiske metodar, som samtalegrupper og husfellesskap, og beskriv desse som langt meir givande enn vanleg undervisning med avsendar og mottakar.

Somme kyrkjelydar har meir aktivitets-baserte konfirmantopplegg, og dette verkar å appellere i mykje større grad til fleire av deltakarane. Ein deltar uttrykker godt kontrasten mellom eit typisk undervisningsbasert konfirmantopplegg, og andre deler av trusopplæringa:

Eg føler at når eg er med på til dømes Lys Vaken med småungane, så er det konstant noko som skjer, det er konstant noko å vere med på. Mens med ein gong ein er konfirmant, så skal ein oppføre seg som vaksne, og berre sitja stille i benkeradane. Me gjer heilt det same som bestemor gjorde. Dersom ein har aktivitetar konstant for 10-12-åringar ein kveld, då må me klare dette for ungdommar òg.

Mange av deltakarane beskriv innhaldet i deira konfirmasjonsundervisning, som i stor grad dreier seg om ting som Bibelen, kyrkja, gudstenesta, dåp og nattverd. Dette ser dei fleste på som uinteressante tema for ungdommar flest. I tillegg er det fleire som fortel at tema dei gjerne er opptekne av – som legning, seksualitet, sosiale media, og trusforsvar – ikkje er med i undervisninga, slik at ungdommane saknar rom for å snakke om ting dei verkeleg bryr seg om.

Somme deltarar understrekar òg ei utfordring med å vere ei brei folkekirkje, nemleg at mange konfirmantar i hovudsak vel å konfirmere seg på grunn av tradisjon, sosialt press, eller pengegåver. Det gjer det vanskelegare for dei som faktisk er interesserte i å lære meir om kristen tru og tradisjon å få like stort utbytte av konfirmanttida som det dei elles føler dei kunne fått.

Utfordringar til vidare arbeid med konfirmasjon:

- Konfirmantlærarar kan gjerne bruke meir varierte og dialogiske metodar i undervisninga
- Aktivitetsbaserte konfirmantopplegg kan vere engasjerande for mange, og fleire kyrkjelydar bør ta dette inn
- Tema for konfirmantundervisninga bør vere innom ting som engasjerer og opptek ungdom, som legning, seksualitet, sosiale media og trusforsvar
- Å ha mindre grupper med rom for samtale og å sjå den enkelte konfirmant opplev mange som svært positivt